



Byggmester Steinar Thunold AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/324 - 14/3688

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

20.02.2014

Mangelbrev - gbnr 102/83 Vabø - bustad

Vi viser til Dykkar søknad motteke her 30.01.2014. Vi viser også til vårt vedtak av 02.04.2013 der tidlegare søknad vart sendt i retur.

Det er søkt om oppføring av ny bustad over to etasjar med ei bueining. Det går ikkje fram av søknadsskjemaet at det er søkt om etablering av anlegg eller veg. På innsendt situasjonsplan går det fram at «Påkopling eksister. privat veg. Sjå vedlagt sit. Plan for 102/139». Ein føreset her at etablering av felles utslippsanlegg og privat felles veg fangast opp av byggesøknaden på gbnr 102/139. Dersom dette er tilfelle, vil ikkje denne søknaden kunne handsamast før byggesøknaden på gbnr. 102/139 er ferdighandsama.

Før søknaden kan handsamast, må følgjande tilhøve avklarast:

1. Kommunen har tidlegare gitt uttrykk for at dersom det ikkje vert sendt inn reviderte teikningar, vil søknaden «bli avslått i medhald av kommuneplanens føresegner og pbl. § 29-.2» då bygget ikkje er tilpassa terrenget. Vi kan ikkje sjå at teikningane er reviderte, og før vi gjer vedtak i saka ber vi om ei estetisk utgreiing i høve til punkt 5.16 i føresegnene til kommuneplanen. Etter vår vurdering er det valt feil hustype på eigedomen
2. Det må avklarast om gnr. 102 bnr. 139 har rett til å bruke eksisterande privat tilkomstveg. Det kan sjå ut som at vegen er eigd av gnr. 102 bnr. 82. Vegrett over bnr. 139 er ikkje tilstrekkeleg dersom bnr. 82 eig vegen.
3. I søknaden går det ikkje fram om avkøyringsløyve er gitt. Det er opplyst at tiltaket ikkje vil gi ny eller endra tilkomst. Etter det vi kan sjå må det innhentast løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve.
4. Det går ikkje fram av søknaden om «takvann/overvann føres til» avløpssystem eller terreng.
5. Støren Treindustri AS har tidlegare (03.04.2013) gjort greie for at føretaket ikkje er sentralt godkjent for fagområdet arkitektur, og at ansvarsrett frå dei berre gjeld sjølve bygningen over grunnmur. Føretaket har ikkje ansvar for anna prosjektering. Vi ber om tilbakemelding om kven som er ansvarleg for val av hustype og plassering av tiltaket på tomte, samt prosjektering av utomhusareal.
6. Det går ikkje fram av søknaden kven som er ansvarleg for prosjektering av støttemurar og grunnmur.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



7. Etter det vi kan sjå av snitt og teikningar med terrengprofilar skal det først opp murar då det ikkje er mogleg å ha terreng liggande med slik helling. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om etablering av støttemur. Situasjonsplanen viser ikkje terrengendingar eller konstruksjonar. Avstanden frå ev. murar må visast på situasjonsplanen og til nærmaste nabogrense.
8. Føretaket Støren Treindustri AS er ikkje sentralt godkjent for fagområdet arkitektur.
9. Etter det vi kan sjå er det nytta same søknad om ansvarsrett for føretaket Hella Betongprodukter AS som i tidlegare returnert søknad. Det er manglar ved søknaden jamfør vårt vedtak av 02.04.2013. Dette må rettast opp.
10. Det kan sjå ut som at det er skildra feil kote på innsendte teikningar.

Dei fleste av desse manglane går fram av vårt vedtak av 02.04.2013.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt inn faktura til tiltakshavar på kr. 1050.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øystein Kvamme

Skauvegen 539 5957

MYKING

Mottakarar:

Byggmester Steinar Thunold AS